

# Protokoll frå styremøte Suldal IL



Møtenummer: 02/2020

Dato: 12.03.2020

Tidspunkt: 20.00

Stad: Vinjar skule

Til stades: Jon Bråtveit, Øyvind Gjuvsland, Aslak Moe, Per Even Tjøstheim, Silje Færøy, Kari Havrevoll, Vidar Jørgensen Nærheim, Hege Hiim Steine, Alf Aadnøy og Kristine Bøe Berge.

Forfall:

Andre til stades: Helen Moen Gjuvsland, leiar på val

## **Sak 13/20 Godkjenning av innkalling og sakliste**

- Innkalling godkjent utan merknadar.
- Sakliste godkjent utan merknadar.

## **Sak 14/20 Godkjenning av protokoll frå sist styremøte**

- Protokoll godkjent utan merknadar.

## **Sak 15/20 Årsmelding og rekneskap 2019**

- Leiar sender ut årsmelding og dokument som skal handsamast i årsmøtet innan 16.mars.
- Totalt sett eit lite negativt resultat i rekneskapen for 2019. Ikkje noko nemneverdig for økonomien til Suldal IL, men ein oppmodar at styret og undergruppene må vere medviten driftsutgifter.
- Økonomigruppa ser vidare på moglegheiter for å tilby kiosk på Gullingen i helger og ferier.
- Suldal IL vil sjå nærare på medlemsavgift, pris og kven som skal inngå i dette medlemskapet. Vidare forslag om dette vil koma i årsmelding.
- Styret går inn for å innføra rutine for og ta ut halvårlege rapportar på rekneskapen.

## **Sak 16/20 Budsjett 2020**

- Suldal Idrettslag budsjetterer for 2020 med eit resultat i balanse.
- Nedre Suldal Sanitetsforeining støttar Suldal Idrettslag i år med kroner 5000,- til barneidrett. Takk til dei!

## **Sak 17/20 Snøproduksjonsanlegg (Per Even)**

- Hovudmål om å byggja ut heile lysløypa med snøproduksjon. Har per i dag kostnadsdekning til ca. 1 km. Planlegg oppstart bygging sommaren/hausten 2020 og det vert kontinuerleg jobba for å få på plass finansiering for å utvida produksjonen til større delar av lysløypa.
- Prosjektmandat og budsjett ligg klart og styret innstiller positivt inn i årsmøtet til å gå vidare med prosjektet.

## **Sak 18/20 Ymse**

- All aktivitet i regi av idrettslaget vert per dags dato avlyst og utsett på ubestemt tid grunna koronaviruset. Det same gjeld årsmøtet. Suldal idrettslag kjem tilbake til tidspunkt for årsmøtet og held oss til folkehelseinstituttet og idrettsforbundet sine retningslinjer.



- Enkelte saker og møte kan bli vurdert halde via Skype eller liknande med bakgrunn i fristar m.m. Dette vert vurdert fortløpande.
- Det vert ikkje høve til å nytta seg av gymsal eller liknande i denne perioden.
- Fotballgruppa ynskjer å sjå på samdrift mellom kommunen og idrettslaget med tanke på bruk av garderobe og eventuelt tilbygg med kjøkkenkrok. Styret kallar inn til eit møte med interessentane for å sjekka status.
- Grendautvalet har spelt inn om idrettslaget kan være interessant i å setje opp ein trelavvo i Mehushaugen som eit nærmiljøtiltak for bygda. Styret i idrettslaget er positiv til tiltaket, men ser ikkje at ein kan stå som søkjar og tiltakshavar på dette prosjektet grunna ansvar og kostnadar til vedlikehald, søknadsprosess, byggjefase og liten bruk frå idrettslaget.
- Avtalen mellom idrettslaget og Suldal Kommune vedk. ballbingen utgår i 2021. Styret kjem til å kalla inn Suldal Kommune ved teknisk og skulen for å forhandla fram ny avtale.
- Skogstrimmen i Vassbotn er flytta til trebrua grunna skoging.

Suldalsosen, 12.03.20

Kristine Bøe Berge, skrivar